

Treng pengar til kursing

Kommunalt råd for funksjonshemma (FUNK), søker no om å få avsett 20.000 kroner på ein brukskonto frå 2013-budsjettet. Leiar i FUNK, Arne Oddmund Torvik, grunnjev søknaden med at FUNK ofte vert invitert til møter, føredrag, kurs og seminar. Desse arrangementa er meint å gi fagleg påfyll og oppdateringar på lovverket og utveksling av erfaringar frå andre kommunar og organisasjonar.

- Det er ikkje haldbart lenger at det er Servicekontoret som skal bestemme om rådet skal delta eller ikkje. Servicekontoret seier det ikkje fins pengar, så vi kan ikkje delta. Det kan ikkje vere slik at medlemmer i rådet ikkje kan få delta

for å få auka kompetansen sin på dei aktuelle felt som ligg til rådet. Rådet har gått frå å vere eit råd til å verte eit betydeleg råd, og skal komme med uttale i mange saker. Då krevst det at dei som er med får tilstrekkeleg kompetanse for å kunne med så gode tilrådingar/uttaler som mogleg, poengterer Torvik.

Midlane er også tenkt til bruk for å få organisert eit seminar til hausten neste år.

Dette seminaret vil vere i samarbeid med rådet i Ørsta, som også vil søkje sin kommunen om same beløp.

Får utsett frist for ferdigstilling av veg

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tillet at utbyggjarane av Holmevegen på Bjørkedalen får eitt års utsett frist for ferdigstilling av vegen og innlevering av rekneskap. Søknaden var grunnjeven med at ein ynskjer å vente til ein kan få tak i grus lokalt, for å unngå høge fraktkostnader. Ifølgje Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, er fristen for gjennomføring inntil fem år frå tilskotet vart løyvd. Holmevegen fekk si fyrste løyving 03.06.2010. Ein har såleis høve til å lengje gjennomføringsfristen. Rekneskapsamandraget må vere innsendt innan 20.11.2013.

Akevitt med smak av Stadhavet

(NPK): Måløyfirmaet Kannestein kjem no med ein ny akevitt som er smaksett med tang.

Akevitten Sterk Storm har fått tilsett smak frå tang som er henta ved den spesielle Kannesteinen ved Stadhavet. I fjor lanserte måløyfirmaet akevitten Storm og no er dei ute med oppfølgjaren Sterk Storm.

- Sterk Storm er eit namn som forpliktar, derfor blir akevitten Noregs sterkaste med ein alkoholstyrke på 46 prosent. Vi har også auka mengda av tang for å få endå meir smak frå havet, seier dagleg leiar Tore Årdal i Kannestein DA i ei pressemelding.

Kråkenes fyr i Måløy prydar etiketten på den nye akevitten.

Jordskjelv på Sunnmøre

Om lag klokka 08.25 tysdag vart det registrert eit jordskjelv på Sunnmøre. Helge Bjørneset er ein av dei som har tipsa Møre om hendinga, og han fortel at dette må vere det sterkaste skjelvet han har opplevd heime på

Bjørnaset nokon gong.

- Det varte lenge, og vi merka det godt, seier han.

Jordskjelvinstituttet i Noreg, NORSAR, stadfestar at det var eit jordskjelv sunnmørin-

gane merka. Etter å ha gått gjennom målingane, konkluderer NORSAR med at skjelvet fann stad på 14 meters djup utanfor Stadlandet. Skjelvet gjorde utslag 3 på Richters skala.

Markerte hundreårsdag

Det er hundre år sidan den fyrste pasienten vart innlagd på Sanitetshuset i Volda, noko sanitetslaget markerte med å halde ope hus med basar og matserving søndag.

Dei i overkant av 300 som tok turen innom og helste på Volda sanitetslag søndag, fekk kose seg med middag, kake og kaffi. Av dei 152 medlemmane i laget er rundt 20 aktive og dei hadde diska opp med mange freistingar. Du kunne sjå på delar av utstyret som vart brukt før i tida, ete god mat i godt selskap og vinne fine premiar i basaren. Volda sanitetslag er tilslutta Norske Kvinners Sanitetsforening, og inntektene frå basaren vert sende inn til leiinga sentralt, der dei vert brukte til foreininga sine merkesaker. I år er tema vald mot kvinner.

Æresmedlemmer

Else Halvorsen og Synnøve Langva er begge godt over 90 år og æresmedlemmer i Volda sanitetslag. Dei har vore aktive i foreininga i mange år og behandla mange tuberkulosepasientar. Halvorsen var med i det siste husstyret, medan det var pasientar på huset.

- Eg hugsar godt at vi starta med å ta inn flyktningar som skulle attførast i arbeidslivet i 1950-åra. Ein av dei laga eit nydeleg bilete av Volda kyrkje med brente fyrstikker. Det er rart med det, det hugsar eg, men eg kan gløyme kva eg gjorde i år, mimrar Halvorsen.

Jorunn Kalland fortel at dei set stor pris på æresmedlemmene sine.

- Dei er verkeleg staslege damer. Det er fantastisk å sjå at



* ÆRESMEDLEMMER: Fv. Else Halvorsen og Synnøve Langva har vore med i Volda sanitetslag i mange år.

dei framleis står på. Dei er ein del ut av huset som vi har lært mykje ut av.

Sjølv om ikkje huset er i bruk som pleieheim lenger, har sanitetskvinnene framleis ein beredskapsplan om ei krise skulle hende.

- Vi håper sjølv sagt ikkje det skjer, men om det skulle verte nødvendig opnar vi huset og tek i mot folk her, seier Kalland.

Sanitetshuset si historie

Tidleg på 1900-talet starta Wilhelmine Eng Volda Sanitetslag. I 1912 stod sanitetshuset klart med elleve senger og tuberkuloseheimen vart starta opp. Innan utgangen av 1912 var det fullt hus med 14 pasientar. Det var full drift fram mot og gjennom 2. verdskrigen, men i 1945 gjekk tuberkulosen tilbake, pasienttalet minka og



* GAMLE MINNER: Jorunn Kalland forma fyrstikkbildet av Volda kyrkje som den ukrainske tuberkulosepasienten Michael Prozenko.

økonomien til heimen vart vanskeleg.

I 1951 fekk dei inn fire tuberkulose flyktningar som skulle attførast til arbeidslivet. Etter kvart kom òg fleire attføringspasientar frå heile landet. Seinare tok dei òg inn vaksne psykiatrisk utviklingshemma. I 1974 vart sengeplassane leigd til Fylkessjukehuset til etterbehandling. Sanitetskvinnene stod for drifta. I 1980 sa fylket opp leigeavtalen og huset vart godkjent som kommunal sjukeheim, noko det fungerte som i åtte år.

Sidan den tid har huset vorte leigd ut til kulturkveldar og andre aktivitetar, og dei har hatt studentar buande der. I dag vert huset brukt til lagsmøte og arrangement for sanitetsforeininga, samt at målarklubben Fargeklatten, Husflidslaget og Geologiforeininga leiger lokale der. Dei leiger òg ut lokale til private arrangement.

STINE AKEREN BJØRDAL



* BASAR: Fv. Astrid Holen og Randi Monsholm hadde ein kjekk dag i basaren søndag.